

## Til årsmøtet 21.4.2024

### Forslag til nye vedtekter for Vinnes Bygdeutval

#### 1.Føremål

Vinnes Bygdeutval (VBU) er eit upolitisk og ikkje-religiøst utval. VBU skal arbeide for allmenne interesser og styrke Vinnesbygda som ei attraktiv bygd for fastbuande og ferierande i alle aldrar, samt næringsdrivande. VBU skal vere pådrivar for tiltak som vil medverke til positiv utvikling.

#### 2.Medlemar

Medlemar i VBU er fastbuande, næringsdrivande eller andre personar med fast eigedom som td. hytte i tidlegare Vinnes skulekrins. Medlemmar må vera over 15 år for å ha stemmerett. VBU har ikkje medlemsliste og krev heller ikkje inn medlemskontingent.

#### 3.Styret.

Styret skal:

- Stå for den daglege drifta av laget
- Gjennomføre vedtak gjort i årsmøtet
- Uttala seg i saker som gjeld ålmenta
- Stimulere til auka aktivitet og tilflytting
- Stimulere til og/eller i eigen regi marknadsføring av bygda.
- Vere bindeledd og talerøyr mellom bygda sine innbyggjarar og det offentlege
- Søke kontakt med andre bygdeutval det vil vere naturleg å samarbeide med i saker som går utover bygdegrensene
- Kalle inn til og gjennomføre årsmøte.
- Kalle inn til og gjennomføre bygdemøte i saker der ein ønsker synspunkt og idear frå bygdefolket.
- Kalle inn andre lag og organisasjonar i bygda minst ein gong i året til ein gjensidig orientering, samråding og eventuell planlegging.

Styret skal ikkje:

- Arrangere tilstellingar o.l. som andre lag i bygda tek seg av.
- Samle inn midlar frå bygda til eige formål, eller på annan måte vera i konkurranse med andre lag i bygda

Styreleiar eller 2 av øvrige styremedlemmer kallar inn til styremøte ved behov. Styret til VBU skal bestå av fem (5) personar pluss to (2) ungdomsrepresentantar: leiar, kasserer, skrivar samt to styremedlemar og 2 ungdomsrepresentantar. Det skal vidare vera to vararepresentantar. Vara trer inn ved fråver og om eit medlem av styret trekk seg ut. Styret skal vere breitt samansett med omsyn til alder, kjønn og fastbuande/ferierande.

#### 4. Årsmøte.

Årsmøte er VBU sitt høgste organ og vert halde innan utgangen av april kvart år. Årsmøtet gir styret fullmakter og pålegg. Medlemmer av VBU har møte- og stemmerett ved personleg oppmøte.

Innkalling til årsmøte skal skje ved oppslag av plakatar i bygda, samt annonsering på VBU si heimeside (vinnestygda.no) og facebook. Annonsering av årsmøtet kan i tillegg også gjerast ved annan annonsering som t.d. lokalavis, sms, epost og liknande. Annonsering av årsmøtet skal skje seinast fire (4) veker før årsmøtet vert halde. Presentasjon av sakliste skal skje seinast to (2) veker før årsmøtet. Framlegg til årsmøtesaker skal vere styret i hende innan tre (3) veker før årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan skipast når leiar og/eller styret krev dette, eller når tjue (20) medlemmar krev dette.

Årsmøtet sine oppgåver.

- Godkjenne årsmelding og revidert rekneskap.
- Vedta tiltaksliste for komande år og gjere ei prioritering av denne
- Gjennomføre val av prosjektgruppe/prosjektansvarlig knytta til tiltak for komande år.
- Handsame innkomne saker/framlegg
- Val:
  - o Styreleiar for 1 år, velges blant dei av styremedlemmane som ikkje er på val
  - o Val av 2 styremedlemmer for 2 år
  - o Val av 2 varamedlemmer for 1 år
  - o Val av revisor for 1 år
  - o Val av 1 ungdomsrepresentantar for 2 år

Stemmegiving

Avstemming vert avgjort ved simpelt fleirtal. Det skal vera skriftleg avrøysting ved val dersom 1 eller fleire krev det.

5.Vedtaksendingar

Endringar av vedtekter skjer ved 2/3 fleirtal blant dei frammøtte på årsmøte/ekstraordinære årsmøte.

6.Oppløysing av laget.

Oppløysing av laget skjer etter innstilling av styret og ved 3/4 fleirtal av dei frammøtte på årsmøtet/ekstraordinære årsmøte. Bankkontoen til VBU skal ved ei eventuell oppløysing verte sperra for ein periode på fem (5) år. Om eit nytt bygdeutval ikkje er etablert innan den tid, skal eit eventuelt overskot på VBU sin konto disponerast til bygda sitt beste. Ved oppløysing av laget skal to disponentar for kontoen verte valde av møtelyden. Desse skal representere andre lag/organisasjonar på Vinnes.

7.Valnemd

Styremedlemar som sist gjekk ut av styret utgjer valnemnd. Valnemnda skal levere si innstilling til nye styrekandidatar og revisor til det sitjande styret seinast to (2) veker før årsmøtet.